



Hans Rune Fanebust
BØNESLIEN 49
5155 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9389 - 23/58391

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
12.07.2023

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 178/2 Kjenes

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: /

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Klage på løyve til å bygge landbruksveg med vilkår etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.06.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 087/23 Vedtak:

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert teken til følgje. Vedtaket av 05.12.2022 knytt til løyve til å byggja landbruksveg fram til privat hytte (Nystølen) vert oppheva.

Grunngjevinga er at utval for areal, plan og miljø meiner at landbruksveg som også går fram til privat fritidseigedom (hytte) vil auka faren for uheldige situasjonar knytt til skytebanar til Seim Skyttarlag. Det vert vist til at eksisterande landbruksveg går gjennom skytefeltet til skyttarlaget, og at potensiell hyttetraffikk då vil koma i risikosona. Vidare vert det vist til at Politiet i brev av 19.12.2022 mellom anna meiner at om vegen også skal nyttast til transport av personell og materiell til og frå fritidsbustaden, kan dette medføre fare for liv og helse.

Heimel for vedtaket om å ta klagen til følgje er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klagen er tatt til følgje. Vedtaket vert eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal ikkje sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på løyve til å byggje landbruksveg med vilkår - gbnr 178/2 Kjenes
Tilleggssvar vedrørende klage på løyve om bygging av landbruksveg
Tilleggsopplýsingar mottatt frå klagar - gbnr 178/2 Kjenes
kartverket - 178/1 - Alver
Vedrørende klage på løyve om bygging av landbruksveg gbnr 178/2 Kjenes - "Nystølen"
Uttale i høve klage på vedtak om bygging av landbruksveg på gbnr. 178/2 Nystølen
Klage på løyve til å byggje lanbruksveg med vilkår - gbnr 178/2 Kjenes
Brev politiet
Uttale frå kulturutvikling, idrett og frivilligheit, Alver kommune
Vedk. synfaring - landbruksveg - gbnr 178/2 og 178/3 Kjenes - Nystølen
Høyringsfråsegn - landbruksveg - gbnr 178/2 og 178/3 Kjenes
Løyve til å byggje landbruksveg med vilkår på gbnr 178/2 Kjenes - Nystølen
Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 178/2 Kjenes
Svar nabovarsel Ole Kristian Kjenes
Søknad side 2
Søknad side 3
Kart 2 - tilkomst veg
Kart 1
Søknad side 1
Oversiktskart med Nystølen markert
Søknad, utfyllande opplysningar
Listekvitteing nabovarsel 2
Listekvitteing nabovarsel
Svar nabovarsel Irene Kjenes
Svar nabovarsel Odd M. Vabø
Svar nabovarsel Olav Seim 2
Svar nabovarsel Seim Skyttarlag
Svar nabovarsel Gerd og Kristian Rossnes
Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier - Lovdata
Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenforskrifta) - Lovdata

Kopi til:

Hans Rune Fanebust
Seim Skyttarlag

BØNESLIEN 49
Kjevikkdalen

5155
5956

BØNES
HUNDVIN

Mottakarar:

Hans Rune Fanebust
Seim Skyttarlag

BØNESLIEN 49
Kjevikkdalen

5155
5956

BØNES
HUNDVIN